
Saknr: 2020/41567-1
Saksbehandlar: Sigrid Furnes, Siv Merethe Hatlem
Dato: 23.02.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Gjennomføring av Bokåret 2019 i Hordaland og Sogn og Fjordane

Bokåret var ei nasjonal feiring av boka, lesing og lesarane som gjekk gjennom hele 2019. Det var ei markering av at det var 500-årsjubileet sidan dei to første norske bøkene vart trykte. Noreg var gjesteland på bokmessa i Frankfurt og det vart frå regjeringa delt ut 30 millionar i støtte til litterære arrangement over heile landet. 15 millionar gjekk til folkebiblioteka, resten til frivillige organisasjonar. Målet for løyvinga til biblioteka var 500 arrangement i 500 bibliotek i løpet av året.

Hordaland fylkeskommune v/fylkesbiblioteket fekk på vegne av 32 kommunar (alle utanom Bergen), kr 800 000 frå Nasjonalbiblioteket til eit prosjekt kalla Ordstraum. Målet var å gjennomføre 206 arrangement på 206 stader i 32 kommunar og dermed auke interessa for bøker og lesing og skape større leseglede for alle innbyggjarane i fylket. Arrangementa skulle ha ulik form og nytte fleire formidlingskanalar - frå lesing og formidling av den analoge og taktile boka, til strøyming av e-bøker, podcast og forfattarmøte gjennom nettstader og digitale media. Arrangementa skulle gå føre seg ved alle avdelingar i dei kommunale folkebiblioteka, 32 hovudbibliotek og 27 filialar, på 98 av stoppestadane til dei fire kommunale bokbussane og på 49 av stoppestadane til bokbåten Epos.

Av løyvinga gjekk kr 535 000 til turnear som fylkesbiblioteket organiserte og fordelte mellom biblioteka i Hordaland. Dei resterande midlane vart fordelt til dei einsskildre biblioteka etter ein fordelingsnøkkel, der kvart hovudbibliotek fekk kr 7 500 og kvar bibliotekfilial kr 1 500.

Aktivitetsnivået var stort ved alle biblioteka i Hordaland. 287 program vart organisert via fylkesbiblioteket, medan biblioteka sjølve organiserte 202 tilskipingar. Til saman var det 18 282 tilhøyrarar. Arrangementa og tiltaka var varierte og retta mot ulike brukargrupper. Bibliotektilsette bidrog mange stader med eventyrstunder for dei aller minste, fleire lesegleddarar var i sving, det vart skipa til flotte arrangement for ungdom. Fleire regionsamarbeida gjekk saman om mindre turnear av ulikt slag. Det vart skapa blest om lokale forfattarar som Einar Økland, Vegard Markus og Johannes Heggland og det vart arrangert turnear med veletablerte forfattarar som Maria Parr, Vigdis Hjorth, Edvard Hoem og Hans Olav Lahlum.

I Sogn og Fjordane søkte biblioteka sjølve om midlar frå den nasjonale potten. 23 av 25 bibliotek fekk til saman kr 630 000. Fylkesbiblioteket gav råd og rettleiing i søkeprosessen. Fylkesbiblioteket var med som ein av samarbeidspartane på ein felles søknad ved Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og Nynorsk kultursentrum. Det vart løyvd kr 500 000 til ulike tiltak spreidd rundt i landet for å feire den nynorske barne- og ungdomslitteraturen i Bokåret 2019. Nynorske Barnebokfestar vart halde i Luster, Førde og Eid. Fylkesbiblioteket bidrog med lesegleddarar som formidla nynorske barnebøker og arrangerte Barnelitterære fagdagar for over 70 lærarar og bibliotekarar.

Folkebiblioteka har teke formidlingsansvaret sitt på alvor, og målet med Bokåret har blitt meir enn oppfylt. Folkebiblioteka har i større grad lagt til rette for deltaking i samtalar og debattar og det har vore fokus på mobile bibliotektenester som litteratur- og kulturarenaer.

Nasjonalbiblioteket sin strategi med auka fokus på aktiv formidling, både gjennom tradisjonell og digital formidling var i fokus gjennom heile 2019. I søre delen av fylket har fylkesbiblioteket vore aktiv leverandør og tilretteleggjar for programseriar. I nord har samarbeidet innan regionane blitt styrka og ein har vore med i ei nasjonal satsing på formidling av nynorsk barnelitteratur. Det er verdifullt å bygge vidare på erfaringar frå begge fylka når fylkeskommunen skal arbeide med å auke formidlingskompetansen blant bibliotektilsette og stimulere folkebiblioteka i Vestland til å skipe arrangement i biblioteka.

Hordaland fylkeskommune har kr 57 000 i unytta løyving frå Nasjonalbiblioteket etter Bokåret 2019. I samband med rapportering, vil det bli søkt om at desse midlane kan nyttast til å støtte arrangement i heile Vestland fylke i 2020.